



KOMMUNIKASJONSPLAN 2018-2020

Kommunikasjonsplan for kommunesamanslåing av Norddal og Stordal kommunar.

Vedteken i fellesnemnda sak 09/18



INNHALDSLISTE

1. Forord
2. Situasjonen i dag
3. Kommunikasjonsspørsmål og budskap
4. Målgrupper
5. Ansvar og organisering
5. Prinsipp for kommunikasjon
6. Strategiar
7. Tiltaksplan

1. Forord

Ei kommunesamanslåing er ei omstilling som vedkjem alle i Norddal og Stordal kommunar, og det utløyser også eit stort behov for informasjon både internt til dei tilsette i kommunane og ikkje minst eksternt til lokalbefolkninga.

I punkt 3.4.5 i prosjektplanen for samanslåinga, står det at:
«Fellesnemnda skal gjere vedtak om kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen. Heimesidene og bruk av sosiale media skal utviklast og informasjons- og kommunikasjonskanalar skal prioriterast i prosessen. Dette vil være viktige informasjons-, medverknads- og kommunikasjonskanalar gjennom prosessen.»

Intensjonen med denne planen er å gi personar som skal kommunisere på vegne av «Fjord kommune» retningslinjer og oversikt over kva, korleis og når kommunikasjonsarbeid skal bli gjennomført. I fasen før samanslåinga av Norddal og Stordal kommunar, er omdømme- og kulturbygging viktig for å skape positive forventningar til det endelege resultatet. Alle dei tilsette – spesielt leiarar på alle nivå – har derfor eit ansvar for å følgje denne planen i samband med bygginga av den nye kommunen.

Denne planen er først og fremst knytt til sjølve samanslåingsprosessen, og vil bli justert og revidert kontinuerleg i tråd med prosjektet sin framgang. Når planen skulle bli oppdatert, vil ny versjon bli lasta opp på heimesidene.

Ettersom kommunikasjonsbehovet i den nye kommunen vil vere annleis etter 2020, vil ein ny kommunikasjonsplan måtte bli utarbeidd før den offisielle samanslåinga. Denne planen skal vere klar i god tid før den nye kommunen blir etablert 1. januar 2020.

2. Situasjonen i dag

Med ein prosjektleiar på plass skal kommunikasjon relatert til samanslåinga koordinerast i begge dei to kommunane, slik at relevant informasjon er lett tilgjengeleg og enkel å finne for alle. I det høvet har ei eiga fane på heimesidene i begge kommunar, og likelydande informasjon skal ut samtidig i begge kommunar.

Intern kommunikasjon: Prosjektleiar vil jamleg sende ut informasjon til alle e-post adresser i kommunane. Det er alltid informasjon i samband med møta i fellesnemnda som er opne for alle. Leiarane i begge kommunar har eit spesielt ansvar for vidareformidling av informasjon, på line med dei tillitsvalte.

I Norddal kommune nyttar ein intranett som informasjonskanal for dei tilsette. I Stordal nyttar ein F; disk der felles informasjon vert lagt tilgjengeleg.

Digitale kanalar: Leiar i fellesnemnda er administrator av Facebook – sida «Fjord kommune» saman med prosjektleiar, og her vert delt informasjon frå ulike tema. I dag er Norddal kommune aktive på sosiale media, og publiserer mykje av nyheitssakene både på heimesidene og på Facebook. Stordal kommune er ikkje på Facebook eller andre sosiale medium. Nokre grupper er like vel på Facebook- som «Barnas kommune», «ordførar Eva Hove» og «Stordalshallen», "Stordal bibliotek",

m.fl. Kommunen nyttar derfor kommunen si heimeside til all sin informasjon. Andre medium kan bli aktuelle på eit seinare tidspunkt.

Grafisk profil: I dag eksisterer det ingen konkret grafisk profil for dei to kommunane. Når det no blir oppretta ein ny kommune, høver det seg bra å innarbeide ein ny, grafisk profil som er lett å kjenne att både internt og eksternt – og som skapar ein felles identitet for Norddal og Stordal. Å opprette ei profilhandbok for Fjord kommune vert derfor bli jobba med fram mot samanslåinga, slik at ei felles grafisk framstilling er klar i god tid før den nye kommunen er operativ i 2020.

3. Kommunikasjonsmål og budskap

Hovudmålet med kommunikasjonsplanen er å sikre at alle tilsette og innbyggjarar skal få god og relevant informasjon gjennom gode rutinar for kommunikasjon og informasjonsformidling.

Under dette hovudmålet har vi følgjande delmål:

- Sikre at folk har tillit til prosessen knytt til samanslåinga.
- Bidra til positive og realistiske forventningar til det endelege resultatet.
- Ha ein god dialog med alle målgruppene, slik at identiteten til folk i begge kommunane blir tatt godt vare på.

For at vi best mogleg skal nå dei måla vi har sett oss, ønskjer vi å:

Engasjere: Kommunikasjon eksternt og internt skal bidra til å auke engasjementet rundt samanslåinga, gjennom til dømes å motivere til medverknad og deltaking.

Vere open: Referat og møtedokument frå politiske og administrative komitear som jobbar med samanslåingsprosessen skal vere lett tilgjengelege. Kommunen skal vere opne ovanfor både innbyggjarar, media og andre som samanslåinga vedkjem.

Styrke intern kommunikasjon: Tilsette skal få god og tidleg informasjon direkte frå kommunen. Medarbeidarar som er godt opplyste vil bidra til auka forståing for vedtaka som blir gjort. Tilsette som er godt orienterte vil også enklare kunne dele informasjon med andre, både internt og eksternt.

Vere gode digitalt: Kommunen skal vere dyktige på digitale plattformer, som til dømes på sosiale media. Informasjon som kjem frå kommunen sine kanalar skal vere korrekt, oppdatert og lett tilgjengeleg.

Ha ein klar profil: I samband med samanslåinga skal informasjon bli presentert med eit godt og tydeleg visuelt inntrykk. Forhåpentlegvis vil dette bidra til lett forståelege, og truverdige, budskap når kommunen kommuniserer med innbyggjarar og tilsette.

4. Målgrupper

I ein samanslåingsprosess er det mange partar som omstillinga vedkjem. Då er det naturleg at det er mange som både søker og ynskjer informasjon frå kommunen. Kommunane har i dag for Nordal 264 tilsette, og i Stordal 150 tilsette. Den nye kommunen vil ha om lag 2700 innbyggjarar.

Hovudinnhaldet i budskapet som vi ynskjer å formidle skal vere mest mogeleg lik for alle, naturlegvis med tilpassingar etter ulike behov. Informasjonen skal også, så langt som råd, bli gitt samtidig til dei aktuelle målgruppene.

Målgrupper i vår kommunikasjon vil til dømes vere:

- Innbyggjarar i Norddal og Stordal
- Tilsette i begge kommunane, sjukmelde og tilsette i permisjonar.
- Tillitsvalde og fagforeiningar i begge kommunane
- Media
- Næringsliv
- Folkevalde i Norddal og Stordal
- Styresmakter (nasjonale og regionale myndigheiter)
- Turistar
- Andre interesserte

5. Ansvar og organisering

Fram til etableringa av den nye kommunen, er prosjektleiar ansvarleg for å sikre god informasjonsflyt i prosessen, både internt og eksternt. Ansvaret til denne stillinga er å halde innbyggjarar, politikarar, tilsette og presse opplyste og orienterte om framgangen i prosjektet.

Saman med leiar, og nestleiar i fellesnemnda vil prosjektleiar vere kontaktperson for saker knytt til samanslåinga av dei to kommunane. Alle har derimot eit ansvar for god kommunikasjon, innanfor sine spesifikke felt.

Tilføyning 24.4.18; frå sak *Etter tilsetting av administrasjonssjef for Fjord kommune vert AU endra til eit administrativt utval med ein hovudtillitsvalt frå kvar kommune. Det nye AU er operativt frå 31. mai 2018.*

Prosjektleiar: Har det øvste administrative ansvaret for samanslåingsprosjektet, og er den som held flyt i kva saker som skal opp til handsaming i fellesnemnda. Innstilling til fellesnemnda vert sendt opp frå AU(arbeidsutvalet)med innstilling.

Ordfører/Fellesnemnd: Leiaren i fellesnemnda har eit overordna politisk ansvar for saker som blir vedteke i fellesnemnda fram til felles kommunestyre er vald hausten 2019.

Folkevalde: Politikarar og folkevalde i dei ulike utvala og nemndene har ansvar for dei sakene dei sjølve engasjerer seg i.

Leiarar/tilsette: Dei tilsette, spesielt leiarane, har eit ansvar for å skaffe seg oppdatert informasjon innanfor sine fagområde ved å lese seg opp på møtereferat eller å spørje om informasjon. Leiarane har generelt eit ansvar for munnleg formidling og dialog med dei tilsette.

Tillitsvalte: Tillitsvalte, og særleg dei hovudtillitsvalte, har eit ansvar for formidling og forankring hjå sine medlemmer. Dei har og eit ansvar for koordinering på tvers av fagforeiningane der det er valt utsendingar for deltaking i prosessar eller enkeltmøter.

For bygging av Fjord kommune er det viktig at hovudverneomboda er med i prosessen saman med dei hovudtillitsvalte.

6. Prinsipp for kommunikasjon

Dei overordna verdigrunnlaga for den nye kommunen er at kommunen skal verte ein livskraftig kommune, med gode lokalsamfunn. Ein skal legge vekt på å utvikle gode demokratiske arbeidsmåtar, og samarbeide med næringsliv og frivillig sektor.

For å oppnå desse verdiane, tek kommunikasjonsplanen utgangspunkt i følgjande kommunikasjonsprinsipp for god kommunikasjon:

- **Openheit:** Vi skal vere opne, tydelege og tilgjengelege i kommunikasjon med innbyggjarane og media.
- **Medverknad:** Vi ønskjer å leggje til rette for innbyggjarmedverknad. Det er også eit ønskje om at tilsette skal ta aktivt del i å betre kommunens tenester og arbeidsmiljø ved å kome med forslag og konstruktive innspel.
- **Nå alle:** Vi skal gjere det vi kan for at relevant informasjon kjem fram til alle som vert råka av eit vedtak eller ei avgjersle.
- **Aktive:** Vi skal vere tidleg ute med å gi aktuell informasjon, gjerne før den vert etterspurt frå andre.
- **Heilskapleg:** Offentleg kommunikasjon skal opplevast som heilskapleg og samordna.
- **Respekt:** Vi skal ha respekt for at folk er ulike, og har ulike behov for informasjon. Bodskap skal derfor, så langt som råd, tilpassast til alle målgrupper.

7. Strategiar

I samband med kommunesamanslåinga har det blitt oppretta egne faner for kommunereform/fellesnemnd på heimesidene til begge kommunar. Der vert lagt ut innkallingar og saksdokument til fellesnemndsmøta og informasjonar om stillingar, informasjonsskriv frå prosjektleiar mm. Dette vert å sjå på som ei mellombels løysing for å samle relevant informasjon.

Eiga heimeside for Fjord kommune vert oppretta når ein har på plass nødvendige avklaringar og kan installere den hjå e-kommune Sunnmøre. Den nye sida vil vere operativ fram til ny kommune er danna 01.01.2020.

Denne heimesida vil bli oppdatert av informasjonsansvarleg i Norddal kommune, og vil vere hovudkanalen for kommunereformrelatert informasjon. Dei to kommunane sine heimesider vil då i mindre grad bli brukt som informasjonskanal.

For viktige saker vil også pressemeldingar bli sendt til lokal presse. Desse pressemeldingane skal også leggest ut på heimesidene til dei to kommunane dersom saka skulle vere av ein slik karakter.

Informasjonsansvarleg i Norddal vil få ei sentral rolle i prosessen, både i form av å rapportere frå dei ulike komiteane/nemndene, men også i form av å produsere engasjementfremjande saker. Bruk av sosiale medium og digitale verkemiddel vil bli viktig.

8. Tiltaksplan

Tiltaksplanen er førebels, og vert revidert og oppdatert kontinuerleg med prosjektet sin framgang. Oppdaterte planar vert lagt ut på heimesidene i begge kommunar inntil eiga heimeside er på plass.

Målgruppe	Bodskap	Tiltak	Tid	Ansvar
Eigne tilsette	Informasjonsbrev	e-post Intranett eigen disk (Stordal)	Jan 2018 og så Kvar 6- 7.veke Kvar mnd	Prosjektleiar
Alle interesserte	Kulturbygging, læring og humor	(video)Snap?? innlegg face?	Månadleg	Leiar kulturgruppe, prosjektleiar og leiar FN
Innbyggjarar, tilsette, media, folkevalde	Orienteringar	Orientering i fellesnemnda	Alle FN møter	Leiar FN og prosjektleiar
Innbyggjarar, tilsette, media	Uttale om budsjett og økonomiplan for kommunane	Orientering i fellesnemnd	Februar 2018	Fellesnemnd, prosjektleiar
Eldreråda, ungdomsråda og RFUN	Informasjonsmøte om bygging av ny kommune	Fellesmøte m tema om innbyggjar- innvolvering	Mars 2018	Prosjektleiar
ALLE	kommunikasjon	Kommunefrukost på dagsentera	24. og 29.Mai 2018	prosjektleiar
Eigne tilsette	Orientering om val av ny administrativ organisering i Fjord kommune	Orientering om prosess og utfall	juni 2018	Leiar og nestleiar i FN prosjektleiar
Skuleelevar N+S	Felles ungdomsråd	Møte mellom elevar i N+S	september 2018	prosjektleiar Ungdomsråd + kontaktpers
Tilsette	Kulturbygging og bli kjent-fest	seinsommasfest	august	prosjektleiar
Næringslivet i Fjord	Informasjon/kick- off næringsprofilen til Fjord kommune	samle næringsdrivande til idemyldring	Juni el august	Leiar fellesnemnda+ prosjektleiar

